

Saksbehandlar: Per Jørgen Loen, Opplæringsavdelinga
Sak nr.: 14/3260-2

Brot på opplæringslovaved opplæringskontor - oppfølging

Framlegg til vedtak:

Fylkesdirektøren rår fagopplæringsnemnda til å gjere slikt vedtak:

1. Fagopplæringsnemnda finn at framlagt dokumentasjon frå Opplæringskontoret for prosess- og mekanisk industri (PRO) er i samsvar med krava i opplæringslova.
2. Fylkesdirektøren skal formidle krav om endringar i dei rutinar som går fram av saksutgreiinga.
3. Opplæringskontoret for prosess- og mekanisk industri får frist til 15.september 2014 med å rette opp rutinane.

SAKSFRAMSTILLING

1. Bakgrunn for saka

Den 14.10.2013 blei det avsagt dom i sak reist av lærling mot fylkeskommunen. Saka gjaldt krav om erstatning for tapt arbeidsforteneste og skatteulempe, og krav om oppreising som følge av at saksøkar vart forseinka i yrkesutdanninga si med 14 månader.

Fylkeskommunen vart frifunnen av retten.

Lærlingen hadde kontrakt med Opplæringskontoret for prosess- og mekanisk industri (PRO), og det vart i domspremissane peikt på fleire punkt der opplæringskontoret ikkje dreiv i samsvar med opplæringslova.

Fagopplæringsnemnda vart orientert munnleg om dommen og domspremissane i møte den 15.01.14. Fagopplæringsnemnda løfta dette fram som eiga sak i møtet (sak 05/14), og gjorde følgjande vedtak:

«Fagopplæringsnemnda ber fylkesdirektøren legge fram dokumentasjon på at opplæringskontoret PRO gjennomfører si opplæring i samsvar med opplæringslova»

2. Saksutgreiing

Med bakgrunn i vedtak i nemnda, sak 05/14, har fylkesdirektøren fulgt opp saka.

Dagleg leiar og styreleiar vart orientert om vedtaket i fagopplæringsnemnda, og inviterte til møte med fylkesdirektøren 14. februar. Dagleg leiar møtte på møtet, og ein gjekk gjennom bakgrunnen for vedtaket. Vidare vart opplæringskontoret bedt om å leggje fram det dei har av skriftlege rutinar for å sikre kvaliteten på opplæringa. Dagleg leiar hadde teke med utskrift av rutineane til møtet.

Fylkesdirektøren har gått gjennom innlevert dokumentasjon frå opplæringskontoret, og finn at rutineane stettar krava i opplæringslova med forskrift. Fylkesdirektøren har følgjande merknader til opplæringskontoret sine rutinar.

1. Lærekontrakt

På lærekontraktar/opplæringskontraktar i kjemiprosessfaget legg PRO inn krav om bestått førarkort innan 6 mnd. Dette er ikkje i samsvar med læreplanen i faget.

2. Evaluering /vurdering/oppfølging av lærling

PRO krev at fagleg leiar har ansvar for halvårsvurdering og at fagleg vurdering vert gjeven med karakter. Dette er ikkje i samsvar med forskrift til opplæringslova §§ 3-11 og 3-14 der det går fram at instruktøren har ansvaret og at vurderinga er utan karakter. Dette gjeld både lærlingar og lære kandidatatar.

3. Teori og kurs

PRO skriv at dei har ansvaret for manglande fordjupingsmodul. Det bør formulerast om og presiserast, sidan læreplanverket i Kunnskapsløftet ikkje er delt inn i modular.

4. Avsluttande prøve/sluttvurdering

Når oppmelding til fagprøve er godkjent, vert den sendt til prøvenemnda og ikkje tilbake til PRO slik det står i rutineane.

5. Opplæringskontrakt

PRO skriv at opplæringsplan for lære kandidat skal lagast klar før lære kandidaten startar. Fylkesdirektøren tilrår at opplæringsplanen vert laga i samarbeid med lære kandidaten.

For lære kandidatatar er det ikkje krav om bestått teori og har ikkje krav om bestått eksamen for å gå opp til kompetanseprøve, og lære kandidat skal ikkje opp til fagprøve.

Rutinebeskriving for tilrettelegging for lære kandidatatar er ikkje i samsvar med intensjonane for lære kandidatordninga.

6. Bedrifta si halvårsvurdering

Skjema for halvårsvurdering er lite eign for å gje vurdering av kompetanse i høve måla i læreplanen og rettleiing i samsvar med § 3-11 i forskrift til opplæringslova.

Vidare er det i rutineane vist til Lov om vidaregåande opplæring og Lov om fagopplæring i arbeidslivet. Dette er lovverk som er erstatta av Opplæringslova.

7. Vidaregåande opplæring, fagopplæringsnemnda og lærlingombod

I rutinebeskrivinga står det « i kvart fylke er det ei yrkesopplæringsnemnd som på vegne av fylkeskommunen skal føre tilsyn med fagopplæring etter opplæringslova » Oppgåvene til fagopplæringsnemnda er beskrivne i § 12-4 i opplæringslova og §4-8 beskriv oppgåvene til fylkeskommunen. Omgrepet «tilsyn» er reservert for staten sitt tilsyn med at lov og forskrift vert etterlevde, jamfør merknad i Ot.prp. nr. 41 til § 4-7.

Kvalitetsdialog med opplæringskontora

Fylkesdirektøren hadde den årlege kvalitetsdialogen med opplæringskontora i februar og mars. Der er kvalitet i opplæringa og rutinar for kvalitetssikring tema, og resultatane av lærlingundersøkinga for det enkelte opplæringskontor er tema. I dialogen med opplæringskontoret for prosess- og mekanisk industri kom det ikkje fram forhold som indikerer at dei ikkje driv opplæringa i samsvar med opplæringslova. Opplæringskontoret hadde også jamt over gode skår på lærlingundersøkinga.

3. Konklusjon

Fylkesdirektøren har ut frå den skriftlege dokumentasjonen som er lagt fram og gjennom dialog med opplæringskontoret konkludert med at opplæringskontoret driv i samsvar med opplæringslov og forskrift, men at det vil vera trong for nokre endringar og presiseringar i rutinebeskrivingane.

Fylkesdirektøren sine merknader til rutinebeskrivingane går fram av saksutgreiinga.